Kompetansearbeidskraft frå utlandet til Høyanger

Høyanger næringsutvikling (HNU) har inngått eit samarbeid med Placement AS, som rekrutterer kompetansearbeidskraft frå mellom anna Nederland. Petter Sortland i HNU presiserer at tilflyttarar frå utlandet er tiltenkt andre typar arbeid enn dei arbeidsledige i Høyanger er kvalifiserte for.

Ytre Sogn Vegar Volle
vegar.volle@ytresogn.no

Høyanger næringsutvikling har inngått ein toårig avtale, med opsjon på forlenging, med Placement AS, som er basert i Stordal på Sunnmøre. Placement er eit selskap som rekrutterer tilflyttarar frå Nederland, Belgia og Tyskland til kommunar i Skandinavia som ønskjer tilflytting og/ eller arbeidskraft med kompetanse som det ikkje er lett å få tak i.

«Både og»

– Det er viktig å presisere at tilflyttarar frå til dømes Nederland ikkje skal vere konkurrentar mot dei som er arbeidsledige i Høyanger i dag, seier Petter Sortland i HNU, og viser til at det er behov for andre typar arbeidskraft enn det dei arbeidsledige er kvalifiserte for.

– Rekruttering av arbeidskraft er også eit langsiktig arbeid. Det er ei kjensgjerning at dei nye verksemdene er på gang, og at det også vil bli behov for arbeidskraft i offentleg sektor, seier Sortland, og nemner Høyanger kommune som døme. I løpet av dei neste 10 åra vil det bli behov for om lag 200 nye arbeidstakarar i Høyanger kommune, mellom anna som følgje av at tilsette går av med pensjon. Det er også venta ein vekst i talet på eldre, noko som vil medføre behov for auka bemanning, til dømes innan helsesektoren.

– Vi ønskjer å utnytte moglegheiten i omstillingsarbeidet, og tenkje «både og». Ingen i NAV, eller prosjektet «Nye vegar», skal kjenne seg støytt av at vi har innleia eit samarbeid med Placement. Vi treng begge delar, seier Sortland, og legg til at dette er eit bilete på at Høyanger-samfunnet er i endring.

Auka inntekter

– Eg meiner at det er viktig og rett at vi går inn i samarbeidet med Placement. Det handlar om å få fleire tilflyttarar til Høyanger, og det skjer gjennom ein grundig prosess. Mellom anna blir det stilt krav til dei som ønskjer å flytte hit, seier Sortland, og legg til at auka busetnad er eit berande element i arbeidet.

– Gjennom Placement kan vi skaffe arbeidskraft til ulike verksemder, men også gründerar som vil starte einskildføretak og folk som kan vere interesserte i å ta over eit småbruk til dømes, seier Sortland.

Dersom fleire buset seg i Høyanger kommune, vil kommunen sikre seg høgare inntekter, mellom anna gjennom auka skatteinntekter. Dei statlege overføringane til kommunane baserer seg også på folketalet, og difor kan eit vellukka rekrutteringsarbeid ha mykje å seie for kommuneøkonomien i åra framover.

– Kostnaden med samarbeidet er 300 000 kroner per år, og blir finansiert gjennom omstillingsarbeidet, opplyser Sortland.

Langsiktig tenking

– Eg håpar at denne satsinga blir oppfatta positivt. Vi må tenkje langsiktig, og appellerer til verksemder om å melde frå til HNU om dei har eit rekrutteringsbehov, også eitt eller to år fram i tid. Rekruttering er eit langsiktig arbeid, og det heng også saman med omdømebygginga som vi jobbar mykje med, seier Sortland.

Petter Sortland i Høyanger næringsutvikling meiner det er rett å inngå eit samarbeid med Placement AS, og viser mellom anna til at rekruttering av arbeidskraft er eit langsiktig arbeid.

Han påpeikar at det er fleire norske kommunar som har gjort avtale med Placement, og at det såleis vil vere ein konkurranse mot andre kommunar for å få aktuelle tilflyttarar til Høyanger.

– Høyanger kommune må vere på bana, og vere eit godt vertsskap for dei som ønskjer å flytte til Norge, seier Sortland.

Skal sikre busetjing i Høyanger

– Placement As har avtale med Høyanger, og difor er det verksemder her i kommunen som kan nytte seg av Placement sine tenester, seier Janet Roelofs i Placement AS. Målet er å sikre busetjing og auke folketalet i kommunen.

I førre veke var Janet Roelofs i Placement AS på besøk i Høyanger, for å presentere verksemda si og kva den kan tilby verksemder i Høyanger. Roeleofs er nederlandsk, utdanna sjukepleiar, og har budd i Norge sidan 1997. Parallelt med at mannen hennar var tilsett ved fylkeshuset i Molde, der han jobba med kommunar som sleit med å halde folketalet oppe, oppretta ekteparet ei privat heimeside.

– Då opplevde vi å få e-postar frå mange i Nederland, som ønskte hjelp til å flytte til Norge. Vi tenkte; kvifor ikkje lage eit samband som koblar dei som ønskjer å flytte til Norge, med kommunane som treng tilflyttarar? Slik vart Placement AS oppretta, fortel Roelofs om selskapet som har hatt fem tilsette sidan 2006, og er basert i Stordal på Sunnmøre.

Stillingsannonsar

Då Roelofs møtte leiinga ved psykiatrisk klinikk på Tronvik, presenterte ho moglegheitene verksemda har for å søkje etter arbeidskraft.

– Vi presenterer Høyanger på ei nederlandskspråkleg nettside, der de kan legge ut stillingsannonsar. Då kan stillinga bli lyst ut utan at det kostar noko for verksemda, sa Roelofs til Tronvik-leiinga og viste til at det er Høyanger næringsutvikling som betalar for tenesta som Placement leverer.

– Vi har gode erfaringar med nederlandske arbeidstakarar. Mellom anna har det vist seg at dei lærer seg norsk raskt, sa Finn Trædal, seksjonsleiar ved psykiatrisk klinikk, avdeling Tronvik.

– Normalt kjem nordmenn og nederlenderar godt overeins, men det krev noko tolmod med tanke på å få til ei god språkopplæring. I dykkar situasjon er språk svært viktig, då det ikkje kan vere rom for at mistydingar kan oppstå, sa Roelofs. Ho la til at personalbehovet som Tronvik har, er noko som Placement kan jobbe vidare med.

Positivt tilbod

Psykiatrisk klinikk har behov for fleire tilsette, og har hatt ei utlysing liggande ute ei tid.

– Den har eg alt omsett til nederlandsk, og dersom de ønskjer det kan annonsen leggast ut på nettet, sa Roelofs med eit smil og fekk positiv respons frå Trædal.

– For oss er dette eit positivt tilbod. Vi risikerer ingenting, og kan få noko att. Dette er eit konsept vi kan nytte oss av, sa Trædal.

Placement har til no rekruttert om lag 1 500 personar til Norge, i samband med prosjekta i kommunane. Det inkluderer familiemedlemmene til dei som har fått jobb.

– Vi satsar mest på små familiar. Når borna kjem inn i eit godt system, i barnehage eller skule, lærer dei norsk raskt. Og dersom borna trivst, så fører det til trivsel også hos dei vaksne, og sjansen er god for at dei blir buande, sa Roelofs.

Placement AS, ved Janet Roelofs (biletet), har inngått ein avtale med Høyanger næringsutvikling om rekruttering av arbeidskraft frå mellom anna Nederland til Høyanger. Seksjonsleiar Finn Trædal, ved psykiatrisk klinikk Tronvik, meiner dette er eit positivt tilbod.

Messe i Nederland

– Kvifor ønskjer så mange nederlenderar å flytte, spurde einingsleiar Geir Helge Møller. Roelofs tok utgangspunkt i sin eigen situasjon.

– For vår del hadde vi alt, men noko mangla likevel. Det å flytte til Skandinavia virka interessant. Her er god plass, og gode oppvekstvilkår for borna. Dei færraste nederlenderar flyttar av økonomiske årsaker. Det handlar om livskvalitet, og det å søkje noko nytt, sa Roelofs.

Placement har ei årleg messe i Nederland, «Skandinaviske dager», der skandinaviske kommunar får høve til å presentere seg. Messa skal arrangerast 21. - 22. januar, og kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete skal vere til stades.

Høyanger skal også vere representert med ein delegasjon. Mellom andre skal Laurens Brock vere med. Han er nederlandsk, og flytta saman med familien sin frå Nederland til Lavik, der dei driv Lavik Fjord Hotell.